Valdrisane sjølve uttalar bygdenamnet sitt: Vallers.

I Vågå og Ottadalen seier vi Væillders og Væilldersflyé, i det daglege berre Flyé.

Skal dette «Valdresflye» vera eit døme på dialektnær skrivemåte, så er det etter mitt syn mislykka. Skiltkonsulentane har ikkje teke omsyn til lokaluttala av namnet Valdres - Vallers/Væillders, korkje på den eine eller andre sida av fjellet. Heller ikkje tjukk l, lang y og trong e i flye (flyé blir uttala likt i Valdres og Ottadalen) er markert. For ikkje å prate om tonefall og trykkplassering som er så viktig for å få fram nyansane i dialektene!

Her trur eg det er best å gå attende til den nynorske normalen - Valdresflya. Da får ein også plassert kjønnet!

Knut Kjøk,
Lom

gar ut i 2015. I starten av denne prosessen ble kommunestyret fortalt at sykehuset hadde sagt opp avtalen. Dette er senere blitt tilbakevist fra sykehuset. Det er uansett for lite areal der legevakta er i dag, og alternativ plassering må derfor vurderes.

I forbindelse med drøfting i fagutvalg helse og omsorg har Lillehammer kommunes rådmann særlig lagt vekt på kommuneøkonomi når det argumenteres

varige skader på vei til sykehuset som kunne vært unngått.

Ut fra innbyggernes beste mener vi at legevakt på sykehuset gir det beste tilbudet. Da kan pasienten trilles inn til akuttmottaket raskt og få livreddende eller skadereduserende bistand dersom det er behov utover bistand som kan gis av legevakt. Vi ser også viktigheten av å avgjøre om det skal legges opp til tilbud om røntgen ved helsehuset.

LOKALISERING: Legevakt ved sykehuset som i dag, eller ved Lillehammer helsehus? Foto: Torbjørn Olsen

Skal det kjøres skytteltrafikk mellom helsehuset og sykehuset, eller er det tenkt å bygge opp en røntgenavdeling på helsehuset? Dette er ikke med i foreløpig kostnadsberegning.

Lillehammer Venstre ønsker at det drøftes videre med sykehuset om mulig samarbeid. En feil avgjørelse i denne saken kan bli en kostbar og risikabel avgjørelse for våre innbyggere.

Terje Rønning,
Lillehammer, gruppeleder (V),

Terje Kongsrud,
medlem utvalget for Helse og omsorg (V)

Norskamerikanere

I tirsdagens GD (15.10) hadde journalist Einar Odden en kommentar om Norge og Amerika.

Utgangspunktet for artikkelen var Scandinavia Tours i Vågå som skal hente norskamerikanere til bygda.

I den sammenheng henvises det til Ringebu som, ifølge Odden, for 30 år siden gjorde et lignende fremstøt.

Når man blir eldre går tiden fortere. Det er noe vi alle erfarer. Men så fort da gut ...

Ringebu arrangerte sine «utvandrerdager» i 2005. Altså ikke bare skivebom - men jeg vil påstå feil himmelretning.

Knut Kvernflaten,
Fåvang

Språkåret - god vin til ein god ven

Det mange som har eit godt forhold til vin, og når det står i Håvamål: «Veiztu, ef þú vin átt, þann er þú vel trúir...», kunne det jo kanskje tyde: «Veit du, om du har ein vin, som du trur er god...».

Men det gjer det ikkje. Det gammalnorske ordet vin(r) er rett og slett ven eller venn på moderne norsk.

Den korte i-blei senka til e i talespråket, og i moderne norsk markerer ein gjerne kort vokal med dobbel konsonant.

I nokre dialekter blei derimot vokalen lang, og vi har derfor både ven og venn i nynorsk skriftspråk i dag.

Den alkoholhaldige druesafta er eit ord med lang i (vín), som ein fort ser når ein samanliknar med tysk og engelsk der lang i blei diftongert til ai, dvs. Wein/wine. Den gode gamle ven(n)en hadde altså ein kort i i gammalnorsk.

Håvamål seier: «Vin sínum skal maðr vinr vera, þeim ok þess vin; en óvinar síns skyli engi maðr vinar vinr vera.» Her har ein mykje vakkert bokstavrim. Dette verset tyder noko sånt som: Venen sin skal ein vera ven med, med han og hans ven; men med sine uveners vener burde ingen mann vere ven».

I tillegg til ordet ven(n), som er eit substantiv, har vi også ordet ven, som er eit adjektiv. Adjektivet tyder vakker, fager, fin, pen, og det kan jo ofte passe på ein god ven(n). Men dei fleste vil nok protestere dersom ein påstår at desse to orda har noko med kvarandre å gjere. Det har seg likevel slik at orda kan følgjast tilbake til eitt felles opphav.

Den gamle germanske ordrota er *weni- og hadde med elske og like å gjere. Ein likar jo gjerne ven(n)ene sine. Dette tydingsinnhaldet finn ein også i ordet von, gammalnorsk vón og ván, håpet eller forventinga som gjerne er knytt til noko ein likar. Det er gammalnorsk ván som blir til vænta, altså vente eller vone, og vænn, det som gjev von eller håp, som er lovande, god, vakker, ven.

Og kva heiter kjærleiksgudinna igjen? Jo, Venus. Dette kan vi like. Veneriske sjukdommar vil vi derimot helst ikkje vere ven(n) med.

Elles høyrer faktisk også ordet venstre, gammalnorsk vinstri, med i denne samanhengen. Venstresida blei visstnok i eldre tider sett på som den betre eller gunstigare sida.

«Veiztu, ef þú vin átt, þann er þú vel trúir, ok vill þú af hánum gótt geta, geði skaltu við þann blanda ok gjöfum skipta, fara at finna oft.» - Veit du, om du har ein ven, som du trur er god, og du ønskjer å få godt av han, tru deg heilt til han og gje kvarandre gåver; far og besøk han ofte.

Då har vi det klart: det kan vere godt med ein god vin, men enda betre med ein god ven(n). Men ein kan ein jo gjerne gje vin i gåve eller dele ei flaske god vin med ein god ven(n).

Jens Haugan,
førsteamanuensis, Høgskolen i Hamar

Det er lang tradisjon i landbruket for å levere i frå seg drifta i betre stand enn då ein overtok. Det håper vi Sylvi Listhaug og har intensjon om.

Ola Hedstein, *direktør i Norsk landbrukssamvirke*